

# Møteinnkalling

---

<b>Utvalg:</b>	<b>Nasjonalparkstyret for Reinheimen</b>
<b>Møtested:</b>	Avdembue, Lesja
<b>Dato:</b>	21.09.2020
<b>Tidspunkt:</b>	09:30 – 17:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## PROGRAM – styremøte og synfaring til Tussheim

**Kl. 09:30** Frammøte **Avdembue**, <https://www.avdem.no/avdembue/>

Kl. 10:00-13:00 Styremøte

Lunsj ca. 12:00 – 12:30

### Referatsaker, ST 26/20

Uttale til planprogram – E 136, Flatmark – Monge – Marstein (RS 12/20)

Flomførebyggande tiltak i Finna og Rååkåelva (RS10/20)

### Orienteringar/Eventuelsak

Besøksstrategi - oppfølging

Tiltak i Reinheimen 2020 – status

Aktuelle prosjekt i Reinheimen

- «Villreinløypa», Villrein som verdiskapar

- Innholdsproduksjon – besøksstrategi for Reinheimen og Breheimen

### Oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet


- Styret si rolle i oppfølging av ulovlege forhold

- SNO si rolle i kontroll i verneområdet

- Eks. og aktuelle saker i Reinheimen

**Kl. 13:30** Synfaring opp til Tussheim, utsiktspunkt til Reinheimen

Turskildring og kart: <https://ut.no/turforslag/114748443/tussheimbue-ei-dagsturhytte-med-signatur>



Turen er 3 km, 450 meter stigning og tek ca. 3 timar. Kle deg etter forholda for ein fottur i fjellet.

Vel møtt til synfaring og styremøte på Lesja!

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 25/2020	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 26/2020	Referatsaker		
	Iverksetting og oppfølging av kvalitetsnormen for villrein		2020/3464
	Søknad - Finndalen LVO - flomførebyggjande tiltak i Råkåelva og Finna		2020/6597
	Fråsegn til høyring av forskrift etter luftfartslova - Oppretting av to midlertidige restriksjonsområde for flyging på Nordvestlandet		2020/9035
	Uttalelse - høring - reguleringsplan - Flatmark-Monge-Marstein		2019/7272
ST 27/2020	Delegerte saker		
DS 30/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - drone - Trollveggen - Nordisk Film TV AS		2020/6960
DS 31/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - båt - Leirungsvatnet - John Teigum - Ola Rikheim - Magne Frisvold - Syver Flatmo		2020/1243
DS 32/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - telting - filming med drone - brearkeologisk innsamling - Innlandet fylkeskommune - Kulturarvseksjonen v/ Espen Finstad		2020/7725
DS 33/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 5 år - motorbåt - Leirungsvatnet - Svein Wassæther		2020/9082
DS 34/2020	Delegert vedtak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Bruk av motorbåt på Leirungsvatnet i samband med fiske - Asbjørn Vigstad		2020/8666
DS 35/2020	Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - helikopter - 240820-191220 - rehabilitering av kjøkken - Reindalseter Turisthytte - DNT Ålesund		2020/8955
DS 36/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2020 - bruk av helikopter fra Tunga til Vakkerstøylen - bygging av ny utedo - DNT Sunnmøre v/Åsmund Steen		2020/8145
DS 37/2020	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2025 - Motorbåt - Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak		2020/9158

DS 38/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - motorbåt - Torsvatnet - Leirungsvatnet - Ove John Plassen	2020/6488
DS 39/2020	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - frakt av utstyr med helikopter til reparasjon av brua over Tora - DNT Oslo og Omegn	2020/7985
DS 40/2020	Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Motorbåt på Leirungsvatnet i samband med garnfiske - Konrad Soglo	2020/8769
DS 41/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 -2025 - motorbåt - Leirungsvatnet - Leif Bakken	2020/5987
ST 28/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel og montering av mast - 2020 - helikopter - Døntindbotn - NVE	2020/7921
ST 29/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - 2020 - fasadeendring på naust ved Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak	2020/9155
ST 30/2020	Eventuelt	

**ST 25/2020 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

**ST 26/2020 Referatsaker**

**Iverksetting og oppfølging av kvalitetsnormen for villrein**

**Søknad - Finndalen LVO - flomførebyggjande tiltak i Råkåelva og Finna**

**Fråsegn til høyring av forskrift etter luftfartslova - Oppretting av to midlertidige restriksjonsområde for flyging på Nordvestlandet**

**Uttalelse - høring - reguleringsplan - Flatmark-Monge-Marstein**

**ST 27/2020 Delegerte saker**

**DS 30/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - drone - Trollveggen - Nordisk Film TV AS 2020/6960**

**DS 31/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2024 - båt - Leirungsvatnet - John Teigum - Ola Rikheim - Magne Frisvold - Syver Flatmo 2020/1243**

**DS 32/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - telting - filming med drone - brearkeologisk innsamling - Innlandet fylkeskommune - Kulturarvseksjonen v/ Espen Finstad 2020/7725**

**DS 33/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 5 år - motorbåt - Leirungsvatnet - Svein Wassæther 2020/9082**

**DS 34/2020 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Bruk av motorbåt på Leirungsvatnet i samband med fiske - Asbjørn Vigstad 2020/8666**

**DS 35/2020 Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - helikopter - 240820-191220 - rehabilitering av kjøkken - Reindalseter Turisthytte - DNT Ålesund 2020/8955**

**DS 36/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2020 - bruk av helikopter fra Tunga til Vakkerstøylen - bygging av ny utedo - DNT Sunnmøre v/Åsmund Steen 2020/8145**

**DS 37/2020 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2025 - Motorbåt - Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak 2020/9158**

**DS 38/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - motorbåt - Torsvatnet - Leirungsvatnet - Ove John Plassen 2020/6488**

**DS 39/2020 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - frakt av utstyr med helikopter til reparasjon av brua over Tora - DNT Oslo og Omegn 2020/7985**

**DS 40/2020 Reinheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - 2024 - Motorbåt på Leirungsvatnet i samband med garnfiske - Konrad Soglo 2020/8769**

**DS 41/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 -2025 - motorbåt - Leirungsvatnet - Leif Bakken 2020/5987**



Arkivsaksnummer: 2020/7921-3

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 10.09.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	28/2020	21.09.2020

## Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel og montering av mast - 2020 - helikopter - Døntindbotn - NVE

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får NVE v/ Eldar Gjerde dispensasjon til landing og lågtflyging med helikopter og oppsetting av to satelittreflektorar på Skiri ved Døntindbotn.

#### Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld flyging av utstyr og materiell, og skal avgrensast til det som strengt tatt er nødvendig for å byggje utstyrshytte og mast.
- Alt materiell som ikkje trengs etter bygging skal fraktast ut av verneområdet innan fristen. Det skal visast omsyn til dei uberørte naturverdiane og kun borast og settast spor der det er høgst nødvendig for å feste stolpane.
- Dispensasjon gjeld for inntil 10 turar 2020.
- Flyginga skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.
- Utforming og plassering av bygg og mast skal følgje skisser i søknaden
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at installasjonane blir fjerna, om behova for masta endrar seg i framtida.

Statens naturoppsyn (SNO) Thomas Rødstøl (tlf.: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før køyring for informasjon om opplegget for transporten.

Køyrebok og dispensasjon skal vere med køyretøyet under transporten.

Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 31.12.2020 på følgjande elektroniske skjema:

[http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen\\_dok/Rapportskjema\\_motorferdsel\\_Reinheimen.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf)

Vi gjer merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommune.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Søknad frå NVE 10.06.2020

## Saksopplysningar

NVE søker om helikoptertransport for å transportere material og utstyr til Døntindbotn, i fjellsida over Skiri (sjå vedlagt kart), og løyve til å sette opp to satellitreflektorar i samband med overvaking av ustabile fjellparti. Det er lagt ved kart der det er inntegna tenkt plassering av reflektorane og bilete av reflektorane. Reflektorane er 3-kanta på ca 1 kvadratmeter i areal som skal monterast på ei stålmast på ca 2 meter høgde. Mastene blir montert på fjellgrunn med 4 nedbora stålboltar. Nøyaktig plassering vil bli bestemt, etter at ein geolog har vært på staden.



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

### Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er fyrst og fremst knytt til naturkvalitetane i området, der leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde står sentralt. Ein tilleggsverdi er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving

gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv i områda med liten grad av teknisk tilrettelegging.

All motorisert ferdsel i verneområdet er forbode, jf. verneforskriftene § 3, pkt. 6.1. Forbode gjeld og flyging med luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken. Føremålet med transporten er ikkje omtalt i verneforskriftene som vernemyndigheita kan gje dispensasjon til, og søknaden må derfor behandlast som unntak frå vernevedtaket, jf. § 48 i naturmangfaldlova (NML).

## Forvaltningsplan

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode og særleg konfliktfylt fordi nasjonalparken og landskapsvernområde skal være skjerna for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteføremål.

## Naturmangfaldlova

§ 48 «dispensasjon frå vernevedtak»:

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

-----

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplana må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

## Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Det må i fyrste omgang vurderast om vilkår for behandling etter naturmangfaldlovas § 48 er til stades. Vilkår for behandling etter nml § 48 andre ledd, inneber at det føreligg eit sikkerheitsomsyn, i tillegg til at tiltaket er nødvendig. Rundskriv M104-2014 omtalar innanfor vilkåra sikkerheitsomsyn m.a. som *sikkerheit for liv og helse*. I nødvendighetskriteriet ligg det at sikkerheitsomsyna må vera av *kvalifisert art, og at det ikke er praktisk mulig å ivareta dei ved tiltak utanfor verneområdet eller ved tillatte eller mindre inngripende tiltak innenfor verneområdet*. Det presiserast at bestemmelsen er ein *kan*-bestemmelse, som inneber at det



skal gjerast ei konkret vurdering av om det skal gjevast dispensasjon dersom vilkåra er oppfylt.

I fylgje NVEs risikomatrise over omsøkt fjellparti tilhøyrer dette eit delområde C, som har årlig sannsynlighet  $> 1/5000$  til ras med eit volum på 520 000m<sup>3</sup> tilhøyrer dette middels til lav konsekvensklasse.

Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig for området og vi ser ikkje at tiltaket vil være til nevneverdig ulempe for verneverdiane i omsøkt område då vi har sjekka naturbasen for området. Det er ikkje nødvendig å nytte «føre var» prinsippet i dette tilfelle.

Tiltaket er nødvendig med omsyn til sikkerheit i eit samfunnsperspektiv. Fordelane med tiltaket er større enn ulempene. Tiltaket vil betre sikkerheit og beredskap for ei vegstrekning med stor sommartrafikk. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane. Vi ynskjer difor å gi løyve til å sette opp to satelittreflektorar og naudsyn helikoptertransport for å gjennomføre dette arbeidet.



Arkivsaksnummer: 2020/9155-4

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 10.09.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	29/2020	21.09.2020

## Reinheimen NP - dispensasjon - 2020 - fasadeendring på naust ved Ulvådalsvatnet - Per Ivar Aak

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt.1.3.b), får Per Ivar Aak dispensasjon til å setje inn eit vindaug og installere eit solcellepanel på naustet sitt ved Ulvådalsvatnet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindaug skal ikkje vere større enn 50X70 cm.
- Det skal settast skoddar for vindaug når naustet ikkje er i bruk.
- Skoddane skal beisast i same farge som naustet.
- Vindaug og solcelle skal plasserast på tverrenden av naustet slik at det blir lite synleg og skjemmaende i landskapet.

Vi gjer merksam på at Statens naturoppsyn (SNO-Reinheimen) vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- E-post frå Per Ivar Aak, 21.08.2020

## Saksopplysningar

### Søknaden

Per Ivar Aak søker, 21.08.2020, om å sette inn vindaug på sitt private naust i austenden av Ulvådalsvatnet innafor Reinheimen nasjonalpark. Søkar har hytte på Tunga i Romsdalen landskapsvernområde og eit naust ved Ulvådalsvatnet. Han har fått løyve til å bruke motorbåt i samband med fiske og har no kjøpt seg el-motor på båten sin. For å kunne lade el-motoren ved naustet, ynskjer han å setje opp ein enkel solcelle. Han ynskjer også å setje inn eit vindu i bakenden av naustet for å få inn arbeidslys i samband med garnfiske.



### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

### Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

### Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- *ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde.*
- *ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald.*
- *ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord.*
- *ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi.*
- *ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar*
- *ta vare på vassdragsnaturen i området*
- *verne om kulturminne*

*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

I verneforskrift for Reinheimen § 3, pkt. 1.3 står det at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til b) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.*

## **Forvaltningsplan**

Forvaltningsplan for Reinheimen omtaler byggeskikk frå s. 38.

*4.3.2 Retningslinjer Tema Byggeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c. Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval Byggjeteknikk Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.*

**Ombygging § 3, 1.3 b og siste ledd.** Etter søknad kan ombygging av eksisterande bygg normalt tillatast.

## **Naturmangfaldlova**

I medhald av nml §7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12, og presedensverknad.

## **Presedens**

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## **Vurdering**

I medhald av nml §7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12, og presedensverknad. Kunnskapen om området er god, då det vart gjort grundige undersøkingar og befaringar før vernearbeidet.

Det er fleire naust i nærheten og det at eit naust får inn eit lite vindaug kan føre til at fleire nausteigarar ynskjer å gjer det same. Vi ser inga visuelle problem ved at det settes inn eit lite vindaug og når ein har skodder foran vindauget når naustet ikkje er i bruk vil det ikkje synast. Vi ser det ikkje som noko problem om det er fleire som ynskjer det same.

Eit lite vindaug på tverrenden av naustet til Per Ivar Aak vil bli lite synleg for folk, då det ligg på baksida der ingen går. Det vil også bli dekt til med skoddar for å skjule vindaug når naustet ikkje er i bruk.

På baksida av Per Ivar Aak sitt naust vil heller ikkje ei solcelle være skjemmande, då det er på framsida av naustet folk oppholder seg. Vi ser det som positivt at han ynskjer å gå over til el-motor, då denne har inga lyd og luftforurensing . Ei solcelle for å lade el-motoren, vil gjere det meir føremålsteneleg å nytte el-motor ved Ulvådalsvatnet. I samtale med Per Ivar Aak kjem det fram at fisken dei siste åra er blitt mindre i størrelse. Han ynskjer å drive aktivt med garnfiske for å kultivere vatnet. Eit vindaug for å skape meir lys inn i naustet vil lette arbeidet med fisket.

Eit vindaug og solcelle på naustet strid ikkje mot vernevedtakets formål, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Når tiltaket i tillegg vil være ein fordel for å drive garnfiske med stillegåande båt, ynskjer vi derfor å gi dispensasjon til dette.

**ST 30/2020 Eventuelt**